




**Kan nokon gripe inn**  
Turnépremiere

Utstillinger ●

Utstillingsopning 26. august

**Stine Eide**

*“How to be Human”*



**Blyantteikningar**

Arrangør:  
Ål kunstforening

Utstillingsopning 7. oktober

**Dora S. Kittelsen**




**Måleri**

Arrangør:  
Ål kulturhus

Utstillingsopning 18. november

**Juleutstillinga 2017**

**Ingunn Elida Wiken  
Christian Svendsen  
Sara Skotte  
Maria Sandsmark  
med fleire**



**Teikning, måleri, skulptur,  
keramikk, smykke, m.m.**

Arrangør:  
Ål kunstforening

**Galleri Syningen**



## PRØV EIN HEILAFTEN

Ål kulturhus samarbeider med Thon Hotel Hallingdal og Hallingdal Feriepark om middagsservering før arrangement. For hausten 2017 gjeld det desse forestillingane:

**30. september:** Johnny Cash Tribute

**29. oktober:** Historie om et ekteskap

**1. november:** Gisle Børge Styve/Heine Totland

**3. desember:** Tenorane og Steffen Horn

**7. desember:** Dr. Bergland

Sjå pris, klokkeslett, stad og meny på dei aktuelle arrangementa

**KJØP BILLETTAR PÅ**  
[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)  
[www.hallingbillett.no](http://www.hallingbillett.no)

Billettkjøp i skranken på Ål kulturhus  
kostar kr. 10,- ekstra pr. billett

**NB!** Prisane som står i dette programmet er  
prisar ved kjøp av billett på nett



**Me ynskjer velkomen til Ål kulturhus  
- staden for gode opplevingar!**

## Kjære publikum

Ål kulturhus skal snart i gang med omfattande ombygging, så hausten 2017 kan vere siste sesong huset står i den form me kjenner det. Huset riggar seg no for framtida, og vil i endå større grad syne som det flaggskipet det er. Dei gamle salane våre vil ikkje bli påverka av ombygginga, og de kan framleis nytte alle tilboda me leverer på kino- og kulturfronten.

Ål kulturhus fyller 25 år i år, og dette skal me feire laurdag 11. november. Frå scena vil du sjå eit breitt utdrag av kva kulturlivet i Hallingdal har å by på, og eg håpar mange hallingar vil ta turen for å feire denne dagen med oss.

Utover dette byr også denne sesongen på eit mangfaldig kulturtilbod. Me håpar du finn noko du likar innan sjangrar som dans, musikk, stand up, teater eller foredrag.

Velkomen til staden for gode opplevingar.

Me sjåast!

Anita B. Skoglund

Foto framside:  
Erik Berg

**Ål kulturhus**  
Myren 40, 3570 Ål  
Telefon: 32 08 51 00  
[aal.kulturhus@hallingnett.no](mailto:aal.kulturhus@hallingnett.no)  
[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)

Ål bibliotek presenterer:

Konsert ●




Foto: Kvern Laipaa-Berge

## **Knut Myrann** Slåttevandring frå Numedal til Telemark

Meisterspelemannen Knut Myrann fylte 85 år i januar, men har ikkje lagt fela på hylla.

Me inviterer til intimkonsert i biblioteket med denne nestoren.

Han tek oss med på ei slåttevandring frå Nore i Numedal, der han sjølv vaks opp, til Telemark. Kontakten mellom Numedal og Telemark gjennom hundrevis av år har prega slåttespelet begge stader. Sjølv har Knut mang ein gong reist vegen frå Nore til Tinn for å læra felespel.

Ål bibliotek

**Torsdag 7. september kl. 1900**

Gratis inngang og enkel servering

Knut Myrann vann landskappleiken på hardingfele i 1973 og i 1976 og er mellom anna æresmedlem i Landslaget for spelemenn. Etter konserten vil det bli høve til å kjøpe CD-plata «Frå Numedal til Tinn», som Knut Myrann ga ut i fjor.

# Matilda

## Musikal med Skarvebarna

### *Fritt etter musikalen og boka av Roald Dahl*

Mora til Matilda er berre oppteken av seg sjølv og korleis ho ser ut. Faren driv ei luguber bilforretning, og er ein notorisk juksemar. Broren Michael er ein enkel gut som berre vil sjå på tv. Matilda derimot, reknar avansert matematikk, les store bøker, fortel fantastiske forteljingar og elsker å gå på biblioteket. Ho er kort sagt ei uvanleg smart jente.

Når Matilda byrjar på skulen blir ho tatt under vengene til frøken Honey, men det varer ikkje lenge før ho møter den fryktinngytande rektoren fru Trunchbull. Trunchbull terroriserer elevane og gjer det ho kan for å admjuka frøken Honey. Når Matilda får høyre den tragiske livshistoria til frøken Honey blir ho rasande og bestemmer seg for at Trunchbull skal få det ho fortener. Ho tek i bruk mot, gode krefter og ein liten porsjon magi for å hjelpe frøken Honey og alle skuleborna slik at rett blir rett, og det gode sigrar.



Foto: Terje Bjørnsen

● Musikal

Dette er Skarvebarna si tredje store musikaloppsetting på Ål kulturhus. 25 barn og ungdommar mellom 7 og 17 år frå Hovet, Hol og Geilo byr på seg sjølve med song, dans og teater. Forestillinga passar for heile familien.

Tilpassing av manus:  
Hilde Dahlen og  
Ingjerd Almås Anfinset  
Regi og instruksjon:  
Jonas Rejdemo og  
Ingjerd Almås Anfinset

Storesalen  
**Sundag 17. september kl. 1600**  
Billett kr. 150,-/80,-

Ål Kyrkjeakademi presenterer:

Foredrag ●



## Biskop Per Arne Dahl

### ”Nåde deg, Martin”

Med eit bakteppe av sårbar sjølvkjensle, på leiting etter å finne oss sjølve, og med ei oppleving av skuld eller skam er Martin Luther si tale om nåde både frigjerande og nyskapande. I dette foredraget ynskjer biskop Per Arne Dahl å syne oss korleis dette framleis er aktuelt og livgjevande. 2017 er 500-års jubileet for Luther og reformasjonen. Ål Kyrkjeakademi er svært glad for å kunne opne haustsemesteret med dette Luther-foredraget ved vår eigen biskop. Per Arne Dahl er kjent som prest og biskop i den norske kyrkja, men han er kanskje vel så kjent som forfattar, foredragshaldar og avisspaltist. Han har i mange år hatt faste spalter både i Aftenposten og andre aviser. Han har også gjeve ut ei rekkje bøker.

Nesch-museet

**Tysdag 26. september kl. 1915**

Billett kr. 150,-/120,-

# THE BOYS NAMED SUE

A TRIBUTE TO

# JOHNNY CASH



Konsert

## HEILAFTEN!

Thon hotel Hallingdal  
Kl. 17.00

- Heilsteikt ytrefilet med grønsakstimbball, rødvinnsaus og amadinepotet
- Panna cotta med coulis

**Billett inkl middag kr. 575,-**

Foto: Pål C. Hornburg

*Folsom, Prison Blues, Ring of Fire, Jackson, It ain't me, Ghost Riders, Get Rythm, Walk the Line, Highwayman, San Quentin, Hey Good Lookin'...* Lista med kjende låtar held fram, og du får høyre dei alle i Ål kulturhus denne kvelden.

Det er få artistar som kan vise til same status og suksess som The Man in Black - Johnny Cash!

The Boys named Sue hyllar Johnny Cash med autentiske og rocka tolkingar av låtar frå heile den 46 år lange karrièren til ein av dei mest viktige og respekterte musikanane i Amerika. Bandet har rykte på seg for å levere eit show som gjev publikum kjensla av å vere i eit sveitt konsertlokale i Nashville attende på 50-talet, der både rocke- og dansefoten aldri er langt unna. Så seriøst har bandet tatt oppgåva, at dei markerte 60 års-jubileet for singelen *Walk the Line* med å spele tre konsertar for dei innsette i Ringerike Høysikkerhetsfengsel. Ein tydelegare referanse til originalen skal ein leite lenge etter. Med stor respekt, litt ung virilitet og rockabilly-faktoren skrudd opp nokre ekstra hakk tilnærmar The Boys named Sue seg musikken til Cash, og bandet garanterer ein kveld med mange musikalske høgdepunkt, stødig cowboytakt og allsang.

Storesalen

**Laurdag 30. september kl. 1900**

Billetter kr. 330,-

Ål bibliotek presenterer:

## Ali Baba og Baba Lillelam Familiekonsert

Igor og Almir byr på ein herleg konsert for små og store! Historia handlar om Igor som var på asylmottak då han var liten. Der fekk han mange fetterar - Ali Baba, Baba Lillelam og Lille Lam Nam Ham. Saman leikte dei og lagde songar. Så reiste alle kvar sin veg. Igor tok songane med i studio og tente masse pengar på dei. No vil han dele pengane med fetterane, men dei er ikkje til å spore opp. Tru om dei er å finne nokon stad?

Etter konserten kan du lage eit brev som samtidig er ein konvolutt. Kanskje du vil sende det til nokon du ikkje har sett på lenge? Eller til ein du er veldig, veldig glad i?

Passar frå 4 år og oppover.

Konsert ●

Manus og skodespel:  
Igor Dunderovic  
Igor's favoritt-trekkspelar:  
Almir Meskovic

Ål bibliotek

Laurdag 7. oktober kl. 1400

Gratis inngang



Turnépremiere!



## Kan nokon gripe inn

Etter suksessen med *Bikubesong*, tek Lasse Kolsrud for seg Stein Torleif Bjella sin musikk.

Me er på ein stasjon ein stad på bygda. Dei fleste tog dundrar forbi, men det er framleis liv i bygningen som har sett sine beste dagar. Hit kjem dei som vil reise vekk, som vil sleppe frå, som lengtar etter at kjærasten skal kome, som søker kontakt – eller som berre vil at nokon skal gripe inn.

Stein Torleif Bjella sine karakterar og musikk dannar grunnlaget for framsyninga *Kan nokon gripe inn*. Lasse Kolsrud har skrivne manus og har regi. Han har tidlegare, med stor suksess, skapt forteljingar om vanlege folks liv frå vanlege bygde- og småbysamfunn. I *Bikubesong* (av Frode Grytten) følgde me familiane i ein blokk i sentrum av Odda.

I *Sånne som oss* (av Frode Grytten/DNS) fekk me innblikk i tre generasjonar innbyggjarar i forstaden Loddefjord utanfor Bergen. I *Bikubesong* var det The Smiths som lydla scenerommet. John Olav Nilsen og gjengen var tonefølgjet i *Sånne som oss*. Denne gongen har Lasse Kolsrud fridd til ein av notidas aller fremste visekunstnarar;

Stein Torleif Bjella. Han har sett ord og musikk til mange lagnader i distrikts-Noreg med

songar om den norske bygdesjela. Dei handlar om vanlege folk, som alle strir med sitt, og som fåmælt og famlante prøver å finne ein plass – i kjærleiken og i verda. Det er motbakkar, små og store kriser, det er umogleg kjærleik og det er lange etableringsfasar. Songane i framsyninga er henta frå albuma *Heidersmenn*, *Heim for å døy*, *Vonde visu* og *Gode liv*.



Aftenposten



Adresseavisen



VG



Dagbladet



Dagsavisen



TEATRET

● Teater

På scena:

Kjersti Dalseide,  
Pål Christian Eggen,  
Hallvard Holmen,  
Lasse Kolsrud,  
Joachim Rafaelsen,  
Hildegun Riise og  
Hans Rønningen.

Band:

Svenn Erik Kristoffersen,  
Nils Jensen,  
Christian Svensson,  
Marius Reksjø og  
Mats Grønner

Tekst og musikk: Stein Torleif Bjella  
Manus og regi: Lasse Kolsrud  
Scenograf og kostymedesignar:  
Siri Langdalen  
Lysdesignar: Torkel Skjærven  
Koreograf: Belinda Braza  
Lyddesignar: Jostein Reistad  
Dramaturg: Carl Morten Amundsen

Storesalen

Tysdag 10. oktober kl. 1900 (generalprøve)

Onsdag 11. oktober kl. 1900 (premiere)


Billett kr. 415,-/335,-/315,-

Ål bibliotek presenterer:

## Lars Erik Øi

Energiøkonomisering og fornybar energi:  
Kva er viktig og kva er riktig?

Foredrag ●



Ål bibliotek

Torsdag 12. oktober kl. 1930

Gratis inngang


Kloden blir varmare, og energi har vorte eit heitt tema.  
Kva bør me gjere privat, nasjonalt og globalt for å møte energiutfordringane?  
Skal me velje det mest miljøvennlege eller det billigaste alternativet?  
Skal me leggje ned arbeidsplassar som gir store klimagassutslepp?  
Skal me eksportere miljøvennleg energi? Er el-bil miljøvennleg?  
Lars Erik Øi stiller mange spørsmål og gir nokre svar.  
Det blir opna for spørsmål og diskusjon etter foredraget.

Lars Erik Øi er professor på Institutt for prosess-, energi- og miljøteknologi ved Høgskolen i Sørøst-Norge. Han er utdanna sivilingeniør i kjemiteknikk og har doktorgrad på CO<sub>2</sub>-fangst.

Ål kyrkje og Ål Kyrkjeakademi presenterer:

## Tollef Thorsnes

Utstillingsopning og foredrag



● Utstilling

● Samtale

### ***No mercy – No dignity***

Tollef Thorsnes har ei årrekkje arbeid i tre, ofte med kyrkjerommet sine omgjevnader som inspirasjonskjelde. Ål kyrkje har vore i kontakt med Thorsnes over tid. Denne kontakten, og eit opphald på Leveld kunstnartun har munna ut i ei utstilling litt utanom det vanlege. Her er kunstobjekt i grovt tre kombinert med tekstar som får oss til å vakne! Kunstnaren er innom ordpar som «i bevegelse - ingen grenser», «kjerne og fragment» samt «ingen nåde - ingen verdighet». Dette er grunnleggjande omgrep for liv, vekst, samhald og tru. Utstillingsopninga inneheld musikalske innslag, foredrag og refleksjon kring det ein ser og gjer seg tankar om. Kyrkjeakademiet inviterer folk frå ulike trusretningar til samtale om sentrale verdiar som er like aktuelle lokalt som globalt.

NB! Ål kyrkje  
**Fredag 13. oktober kl. 1915**  
Billett kr. 150,-/120,-

Teater ●

  
BUSKERUDTEATER

DEN STORE  
**KJÆRLIGHETEN**

Ekte folk. Ekte historier.



SceneFolk



Finst kjærleiken som varar heile livet igjennom? Den kjærleiken som held ut alt og tåler alt?  
Finst den kjærleiken som er like sterk frå fyrste møte til siste slutt?  
Kor unike er liva våre?

Buskerud Teater har jobba med 'Den Store Kjærlygheten' i fire år, frå ide til gjennomføring denne hausten. Våren 2016 byrja arbeidet med å samle inn historier frå Buskerud, og i løpet av året kom det inn nok historier til å ta fatt på arbeidet med manuskriptet. Våren 2017 var teaterstykket 'O bli hos meg' klart, og 33 lokale skodespelarar fekk utlevert eit manus med nyskriven dramatikkk basert på lokale kjærleikshistorier frå Buskerud. Det er også med 6 skodespelarar frå Hallingdal i produksjonen.

I forestillinga møter me Helga Marie og Arvid Moe, eit ektepar frå Vikersund, borna deira og den utvida familien. Me møter familien Moe ein sjebnsvanger dag i 1981, og me følgjer Helga Marie og Arvid sin kjærleik for kvarandre og korleis eit langt liv med eksterne og interne konflikttar legg press på ekteskapet deira og trua dei har på kvarandre.

Storesalen

**Laurdag 14. oktober kl. 1800**

Billetter kr. 330,-

Arrangør/produksjon: Buskerud Teater  
Dramatikar/regissør: Adam Levine  
Omsetjar: Sigvor Skjeie  
Musikalsk ansvarleg: Petter Anthon Næss  
Koreograf: Mana Rambod

## Storhelg i Hallingdal



Foto: Knut Aaserud

### **DoPPler** m/Kartellet og Einar Olav Larsen

● **Konsert**

● **Dans**

### **Sudan Dudan**



Foto: Arne Svalastog

Forestillinga **DoPPler** hadde premiere på Nordland Musikkfestuke i 2015, og fekk Kritikarprisen 2015/2016 for beste danseforestilling.

DoPPler er ein upretensjøs og leiken studie i kvinne- og mannesinnet. Sinn som kan vere både ubereknelege, voldsame, kjærlege, bitre og omsorgsfulle.

Tre mannlege dansarar frå Kartellet vil gjennom idrettsleik, folkedans og akrobatikk balansere på ein egg av alvor, banalitet og ømheit. Alt pakka inn i ei atmosfære av nyskriven folkemusikalsk rytmikk, klang og stille frå musikaren.

Dansarar: Eirik Fuglesteg Luksengard, Ådne Kolbjørnshus og Inge Martin Helgesen. Fele: Einar Olav Larsen.

**Sudan Dudan** består av Marit Karlberg (vokal og langeleik) og Anders Erik Røine (vokal, gitar, fele og munnharpe) frå Valdres. Med utgangspunkt i slåttemusikk, har dei to tøygd rammene for norsk folkemusikk.

Ein kan høyre spor av amerikansk fjellmusikk og afrikansk ørkenblues i den rammesprengjande innstillinga deira til musikk.

NB! Sundrehall

**Fredag 20. oktober kl. 1930**

Billetter kr. 180,-

Fellesbillett fredag/sundag kr. 300,-

## Storhelg i Hallingdal

Dans ●

Konsert ●



Foto: Runhild Heggem

### Meister og elev

Meisterane Olav Luksengard Mjelva, Unni Boksasp, Frank Henrik Rolland, Johanne Løkensgard Mjøs, Jan Beitohaugen Granli, Ingrid Lingaas Fossum, Kristoffer Kleiveland, Rasmus Kjørstad, Ådne Kolbjørnshus og Ole Nilssen kjem saman med eit 50-tals ungdommar frå heile Sør Norge.

Dei vil halde ein variert konsert med feler og langeleik, torader og munnharpe, song og dans. I solo og samspel vil dei vise kva dei er gode for etter timar med kurs og opplevingar. Kom og opplev dei beste dansarane og musikarane i landet saman med morgondagens einarar.

Storesalen

**Sundag 22. oktober kl. 1500**

Billetter kr. 150,-

Fellesbillett fredag/sundag kr. 300,-

**Olav Sletto-selskapet og Ål bibliotek inviterer til:**

## **Olav Sletto-dagen**

Olav Sletto (1886-1963) er Hallingdal sin store forfatter frå 1900-talet. Han vaks opp i Hol, i små kår hjå besteforeldra i Sletto, men reiste ut og vart både forfatter og folketalar. Per-bøkene og «Soga um Røgnaldfolket» er blant hans mest kjende. Olav Sletto-selskapet arrangerte i fjor for fyrste gong Olav Sletto-dagen.

Olav Sletto-dagen 2017 byr på ny forskning, nye tema, nye og overraskande vinklingar av Olav Sletto sitt liv og dikting - og Olav Duun. Gamle diktarar med høgaktuelle syn på bygd og bygdefolk, folkehøgskulen og verda i migrasjonens tidsalder.

Høyr framifrå formidlarar som Jørn Øyrehagen Sunde, Grethe Fatima Syéd, Erling Sørli og Jan Inge Sørnbø.

● **Foredrag**

**Grethe Fatima Syéd**



**Jørn Øyrehagen Sunde**



Olav Sletto-dagen 2017  
er støtta av Buskerud Mållag,  
Ål mållag, Hol Mållag,  
Ål kommune og  
Skue Sparebank.

Ål kulturhus  
**Laurdag 21. oktober kl. 1300-1715**  
Billetter kr. 250,-/200,- inkl. varm lunsj

Teater ●

**HEILAFTEN!**Hallingdal Feriepark  
Kl. 16.00

- Grilla kyllingbryst frå Liveche servert med skogssopprisotto smørsteikte norske kantarellar og kryddersky
- Heimelaga epleterte med vaniljesaus

**Billett inkl middag**  
kr. 645,-/570,-/520,-

Med: Petronella Barker,  
Jonas Sjöquist og  
Silje Storstein  
Regi: Anders T. Andersen  
Musikar/songar:  
Tuva Syvertsen  
Fotograf/Videodesignar:  
Per Maning

Storesalen

**Sundag 29. oktober kl. 1800**

Billett kr. 400,-/325,-/275,-

## Historie om et ekteskap

### Etter Geir Gulliksen sin kritikkarrosa roman med same namn

Geir Gulliksen sin kritikkarrosa og omdiskuterte roman blir til teater denne hausten. Me møter Timmy og Jon som kan sjå ut til å ha alt ein drøymer om i eit samliv, men det fell frå kvarandre.

Ho forelskar seg i ein annan og han sit att åleine. Kva skjedde?

Dramatisering og regi er ved Anders T. Andersen. I rollene som Timmy og Jon møter me Petronella Barker og Jonas Sjöqvist, medan Tuva Syvertsen tolkar det musikalske lydbiletet.

*Historie om et ekteskap* er produsert av Brageteatret i samarbeid med Nationaltheatret. Forestillinga varar ca 1 time og 20 min utan pause.

Foto: Per Maning

● **Konsert**

Foto: Helge Norbakken

**Fryd Scene i samarbeid med Buskerud Fylkeskommune presenterer  
Årets fylkeskunstnar:**

## **Erlend Skomsvoll**

Erlend Skomsvoll er jazzmusikar, pianist, komponist og arrangør, og i 2017 er han også fylkeskunstnar i Buskerud. Skomsvoll har i mange år jobba med dei største innan norsk musikkliv, mellom anna Pat Metheny, Nils Petter Molvær, Kaizerts Orchestra og Madrugada. Dei siste åra har han turnert med mellom andre Come Shine og spelt i New York saman med Chick Corea. Skomsvoll har fleire utgjevingar og tingingsverk bak seg, og han har tidlegare motteke den høgthengjande Buddyprisen frå Norsk Jazzforum, samt Spellemannsprisen.

Det blir ein festkveld når Fryd Scene presenterer Erlend Skomsvoll på scena i Storesalen i Ål kulturhus. Han har dette året jobba med å utvikle eit solistrepertoar, og det vil også dukke opp nokre lokale gjestemusikarar.

**fryd**  
scene



**BUSKERUD**  
FYLKESKOMMUNE

Scene Storesalen  
**Måndag 30. oktober kl. 1930**  
Billettar kr. 250,-/50,-

# Heine Totland & Gisle Børge Styve

– Musikk e komme for å bli



Bergens Tidende

Konsert ●

## HEILAFTEN!

Thon Hotel Hallingdal  
Kl. 17.00

- Svin ytrefilet med bearnaise, grønnsaksterrin og amadinepotetar
- Sjokolademousse med hint av appelsin m/jordbær-coulis

Billett inkl middag kr. 620,-

Storesalen

**Onsdag 1. november kl. 1900**

Billetter kr. 375,-

Heine Totland og Gisle Børge Styve har greidd å etablere noko heilt spesielt. Utan eigentleg å ha gjort noko særleg meir saman enn å spele mange konsertar, har dei etablert eit stadig større og svært trufast publikum.

Til saman har dei to noko «magisk» som det er vanskeleg å setje ord på. No har dei laga ei forestilling på sin eigen måte. Her knyter dei saman musikalitet, humor, grenselaus energi og rein, skjær glede. Velkomen til ein genialt morosam kveld!



## Make Me Dance

m/lokale TILT-innslag

TILT er eit treårig danseprosjekt som skal få store delar av Austlandet til å danse. Panta Rei Danseteater samarbeider med tre regionteater over tre år og skapar ein ny produksjon for turné kvart år. Turnéane blir følgd opp av skreddarsydde danseprosjekt i kvar kommune og kvar by. TILT skal vere eit inkluderande prosjekt for både profesjonelle og amatørar i Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud og Oslo. I år er turen komen til Buskerud, Brageteatret og Ål kulturhus!

**Dansarar: Julie Drønen Ekornes/Nora Martine Svenning, Jens Jeffry Trinidad og Hugo Marmelada.**

*Make Me Dance* er ein koreografert konsert. Gjennom rørsle, lyd og tekst undersøker tre dansarar og éin musikar kvifor dei har endt opp nettopp som profesjonelle kunstnarar. *Make Me Dance* er ei forestilling som handlar om vala me tek, og om dei små, men samtidig universelle historiene som formar oss som menneske.

**Før forestillinga syner lokale barn og unge resultat frå TILT Hallingdal.**

Publikum er plasserte på scena under forestillinga.

● Dans

Koreografi: Anne Holck Ekenes og Pia Holden.  
Produsert av Brageteatret og Panta Rei Danseteater.  
Komponist og musiker: Improvisivel (Marcus Amadeus)  
Scenografi: Mie Dinesen  
Kostyme: Mats Dinesen  
Dramaturg: Elin Amundsen Grinaker  
Lysdesign: Thomas Evensen

Scene Storesalen  
**Torsdag 9. november kl. 1900**  
Billett kr. 170,-/95,-

Jubileum ●

25 ÅR

ÅL KULTURHUS 1992 - 2017



Velkomen til markeringa av Ål kulturhus sitt 25-års jubileum. Jubilanten lovar allsidig og spennande underhaldning frå scena, med vekt på kva Hallingdal har av både gryande og veletablerte artistar. Det vil bli servering i foajeområdet, og små og store er velkomne til ein varm, koseleg og morosam kveld. Følg med på Ål kulturhus sine heimesider for programoppdatering.

Storesalen

**Laurdag 11. november kl. 1900**

Billettar kr. 300/150

Ål Kyrkjeakademi og Ål bibliotek presenterer:

## Nils Ivar Agøy

Lutherdom, demokrati og velferdsstat



● Foredrag



Foto: Håkon Glommen Eriksen

Nils Ivar Agøy (f. 1959) er professor i moderne historie ved Høgskolen i Sørøst-Norge, og har i tillegg teologisk utdanning. Mest kjent er han kanskje for si brennende interesse for J.R.R. Tolkien, og for å ha omsett fleire av verka hans til norsk.

Det er 500 år sidan Martin Luther slo opp dei 95 tesene sine på døra til slottskyrkja i Wittenberg. Kva følgjer fekk reformasjonen for norsk politisk kultur frå 1800-talet og framover? Kva har reformasjonen hatt å seie for demokratiseringa og utviklinga av velferdsstaten? Nils Ivar Agøy gir oss spennande innsikt i dei samfunnsmessige langtidsverknadane av den lutherske reformasjonen i Noreg.

Ål bibliotek  
**Onsdag 15. november kl. 1915**  
Gratis inngang



TEATRET



Teater

## Folk og røvere i Kardemomme by

På scena:  
Mikkel Niva,  
Mats Holm,  
Carina Furseth,  
Jan Huse, Morten Røhr,  
Jonas Rønning, Lars Helge  
Thronsen, Linda Tørklep og  
Olli Wermkog.

Regissør: Kim Haugen  
Scenograf: Siri Langdalen

Riksteatret i samarbeid med  
Hålogaland Teater

Storesalen

**Fredag 17. november kl. 1800**

Billetter kr. 260,-/215,-/210,-/140,-

Det blir fest i Kardemomme by, og du er invitert!

I Kardemomme by bur gamle Tobias, pølsevakaren, trikkefører Syversen og barberar Sørensen. Tommy og tante Sofie og vesle Kamomilla. Og politimeister Bastian som aldri har lyst til å arrestere nokon. Rett utanfor byen bur det tre røvarar som heiter Kasper, Jesper og Jonatan. Dei har også lyst til å vere med.

Har du hugsa å vaske øyrene deira? Då kan du trygt ta med deg barna på Riksteatret si oppsetjing av *Folk og røvere i Kardemomme by* - ei teaterforestilling full av energi, humor, dans og masse musikk.

Du vil møte ei frekk papegøye, ein talande kamel og ei løve som er glad i mjølkesjokolade. Bli med inn i Thorbjørn Egner si verd og opplev den magiske teaterstemningen på kulturhuset. Røvarane gler seg til å helse på barna som kjem på besøk.

Med Kim Haugen i registolen og eit ensemble fylt av unge, nye talent ynskjer me å innlemme ein ny generasjon i den felles kulturarven vår. Ja, vi elsker Thorbjørn Egner!

Forestillinga varar i 2 timar (inkludert pause).

# Bokmessa i Hallingdal

● Litteratur

Fullt program blir lagt ut på  
[aal.kulturhus.no](http://aal.kulturhus.no) og  
[hallingdalsbiblioteka.no](http://hallingdalsbiblioteka.no)  
i byrjinga av oktober.

Årets bokmesse opnar med lyrikk og musikk i biblioteket på fredag kveld. **Odveig Klyve** framfører tekstar frå diktsamlinga «La oss ta den blå himmelen med storm» saman med musikarane **Erlend Apneseth** og **Stephan Meidell**. Dikta fortel historia om utbygginga av monstermastene i Hardanger og tematiserer konflikt mellom menneske og natur. Musikken vekslar mellom det komponerte og improviserte og blir framført på hardingfele, gitar og elektronikk.



Laurdag byr me på gode forfattarsamtaler,  
presentasjon av årets lokale bøker,  
stort boktorg og open kafé heile dagen.

Arrangør:  
Biblioteka i Hallingdal  
i samarbeid med Norli Ål

**norli**

Det blir eige **barneprogram** med blant anna den musikalske teaterforestillinga «Andungen», basert på eventyret *Den stygge andungen* av H.C.Andersen. Forestillinga høver for barn i alderen 3 til 8 år og varer i om lag 35-40 minutt.

Ål kulturhus  
**Fredag 17. november kl. 1930**  
**Laurdag 18. november kl. 1200**  
Enkeltbilletter kr. 100,-/Barn u. 12 år gratis  
Fellesbillett fredag/laurdag kr. 250,-

Konsert ●

## Ragin Wenk-Wolff

*Image is my music* - eit multimedia, multi dimensjonalt show



Ragin Wenk-Wolff (fiolin)  
Tor Espen Aspaas (piano)

"Inside my head the music has colors, shapes, textures, and many more images; imagine, now you can see it too ..."

*Image in my Music* hadde premiere på Kilden i Kristiansand i 2014, framfor eit svært begeistra publikum.

I showet får ein oppleve det Ragin Wenk-Wolff ser i sitt indre når ho spelar på ein Stradivarius frå 1689.

Høyres det rart ut? Neidå. - *Inni hovudet mitt har musikken fargar, former, teksturar og andre bilete*, forklarar Ragin

som i showet tek oss med på ei magisk reise inn i den indre verda til ein musikar. Det blir litt som i dei store

Hollywoodfilmene, men med motsett forteikn. I filmen er musikken med på å få fram stemningen i det som skjer.

I Ragin sitt show er det kvalitetsmusikk for alle og ein kvar, framført "live", som blir forsterka, innpakka i ei visuell

draumeverd som me blir med inn i. Den multi-dimensjonale opplevinga av musikken inkluderer fargar, former,

bilete, teksturar, lys, mørke, tjukt, tynt, høgt, lågt, nært, fjernt, gjennomiktig, solid, skiftande atmosfære

og meir. Ragin Wenk-Wolff sitt multi-mediale konsertshow kombinerer hennar eigen

biletkunst med foto- og filmkunst av Kai-Wilhelm Nessler og er produsert av

Virtuell-Teater designar Joachim Schamberger. Me får samtidig oppleve musikken

med heile 6 ulike kostymer, som harmonerer i Ragin sitt indre rike med fargane

og atmosfæren til kvart nummer i programmet. Forestillinga varar ca 1 time utan pause.

Storesalen

**Laurdag 25. november kl. 1800**

Billettar kr. 240,-/200,-/150,-

## Jul på Sundre

Julegrantenning, lysvandring og julefilm

● Julemoro



Foto: Ådne Kvammen

Kulturkommunen Ål, i samarbeid med Ål Handelsforening, inviterer tradisjonen tru til stemningsfull og triveleg julegrantenning på torget 1. søndag i advent.

Det blir sang og dans rundt julegrana, før alle kan bli med på ei lysvandring med kulturelle innslag ned til kulturhuset der nisse og gløgg ventar. Før og etter julegrantenninga blir det vist julefilm på Ål kino.

**Kino kl. 14.00** (Veslesalen)

**Julegrantenning på Torget kl. 16.00**

**Kino kl. 17.30** (Veslesalen)

**Konsert med Tenorane & Steffen Horn kl. 1800**

Torget / Ål kulturhus

**Sundag 3. desember**

Vanlege billettprisar på kino og konsert

## Konsert


Kva hadde jula vore utan songane som høyrer til? I spennet mellom *Så går vi rundt om en enebær busk* og Bachs *Juleoratorium*, vibrerer juleforteljingane seg inn i rygggrada vår. Aller sterkast er dette når musikken blir framført av pasjonerte kunstnarar som har evna til å setje strengar i rørsle i mottakelege sinn. Slike kunstnarar er altså Tenorane. Gjennom songen pustar dei sølvstøv over alle oss som sårt treng ein pause i kvardagane, ein pause for å få påfyll av glede og fred og leiken latter. Håpet er at konserten skal byggje ei bru av ord og tonar frå ein travel kvardag attende til barndommens forventningsfulle undring over kva ho er, denne høgtida som hjelper oss til å ta vare på den barnlege uskulda midt i larmen.

Tenorane er i ferd med å etablere seg som ein av landets fremste songtrioar. Repertoaret spenner frå Bach til Beatles, eller frå Puccini til Prøysen, alt formidla med stor musikalitet og humor. Gruppa består av Henrik Hundsnes, Ola Marius Ryan, Aasmund Kaldestad og den eminente pianisten Steffen Horn. No kastar dei seg over kjente og mindre kjente julesongar, i håp om å bidra til å drysse eit musikalsk glitter over julefeiringa.

Storesalen

**Sundag 3. desember kl. 1800**

Billett kr. 350,-



# TENORANE

MED EIN HORN I SIDA



TENORANE  
& STEFFEN HORN



**"Lattermuskler og ører fikk  
svært god valuta"**

- Halden Arbeiderblad -

### HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark  
Kl. 1600

- Heilstekt ytrefilet av fjellgris servert med fjellmandel-purè, fritert rosenkål, grønsakscroquette og rødvinssaus
- Sjokoladefondant servert med appelsinsalat og vaniljeis

**Billett inkl middag kr. 595,-**

STAND UP NORGE PRESENTERER

**DR. BERGLAND**  
BRYTER  
TAUSHETSPLIKTEN



#### HEILAFTEN!

Thon Hotel Hallingdal  
Kl. 1700

- Juletallerken - ein smak av jull!
- Riskrem med raud saus

**Billett inkl middag kr. 595,-**

### Vinnar av Komiprisen 2017 - Årets standupkomikar

Ein god latter forlengar livet!  
Jonas Kinge Bergland er attende med ei splitter ny forestilling etter suksessen med den kritikarrosa «Dr. Bergland og den alternative medisin».

Symptoma dine er: støl i mage-  
muskane, sliten i kjevemuskane,  
inkontinens, sterk rytmisk aktivitet  
i pusteorgana, krampeliknande  
reaksjonar (type latter), auka  
produksjon av endorfin, auka  
pusteevne, hjarta slår fortare,  
harmoni, avspenning og generelt  
velvere.

Diagnose: du er i ferd med å le  
deg i hel av «Dr. Bergland bryter  
taushetsplikten».

Jonas Kinge Bergland er komikar,  
lege og idrettsutøvar frå Holmlia  
utanfor Oslo. Han gjorde seg også  
bemerka med andreplass i  
2016-utgåva av «71 grader  
nord – Norges tøffeste  
kjendis».

Av og med:  
Jonas Bergland  
Regi: Vemund Vik

● Stand-up



**SANT, SÅRT -  
OG SYKT MORSOMT!**  
AFTENPOSTEN



**GAPLATTER SOM SLO  
KUL PÅ VEGGENE!**  
LOFOTPOSTEN



**KOMIDOKTOR!  
ALVORLIG MORSOMT!**  
DAGBLADET

Storesalen

**Torsdag 7. desember kl. 1900**

Billetter kr. 350,-

Gåvekort ●



ÅL KULTURHUS  
[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)



ÅL KULTURHUS  
[www.aal.kulturhus.no](http://www.aal.kulturhus.no)

TIL: DEG  
FRÅ: MEG

MED YNSKJE OM

EI GOD

OPPLEVING

## Gje nokon ei god oppleving – kjøp gåvekort på Ål kulturhus!

Det finst to utgåver av gåvekort på Ål kulturhus: Det eine kjøper du på [hallingbillett.no](http://hallingbillett.no) og det gjeld for alle forestillingar som blir selt gjennom nettportalen Hallingbillett. Dette kjøper du på nett, skriv ut heime, og kortet kan berre nyttast til kjøp på internett. Den andre utgåva kjøper du i skranken på Ål kulturhus.

Du bestemmer sjølv sum, og kortet kan nyttast på kino, kulturarrangement, kunst og på alle salsvarer i kiosken. Kortet er gyldig i eitt år frå kjøpsdato.

NB! Dette kortet kan du berre bruke i skranken på Ål kulturhus - ikkje på internett.

## Heile Hallingdal dansar

I 2017 har Ål kommune vore invitert til å delta i eit prosjekt kalla TILT i regi av Panta Rei Danseteater og Brageteatret. Målet med TILT er å levere dansekunst gjennom skreddarsydde prosjekt i nokre utvalde kommunar i Buskerud.

Ål kommune har gjennom prosjektet nytta høvet til å skape rom for dans på mange arenaer, og eit av resultatane vil du kunne oppleve på 25 års-jubileet til Ål kulturhus laurdag 11. november. Der vil du få sjå den rykande ferske musikk- og dansefilmen vår som består av aktørar frå heile Hallingdal; barn og unge, seniorar, ordførarar, tilsette på Ål kulturhus, nye landsmenn, bønder, spelarar på Hallingdal Fotballklubb, tilsette på Hallingplast, elevar av Martin Myhr, publikum på Leikskid 2017 og mange fleire. Filmskaparar er Filmprodusentane AS med Hallgrim Haug i regissørstolen.

Ein stor takk må rettast til dei som har vore med på å skape denne filmen. Fyrst og fremst alle dei hundrevis av innbyggjarane som har tatt utfordringa på strak arm, men også dei som har hjelpt til med det finansielle rundt prosjektet: Panta Rei Danseteater, Sparebankstiftelsen Hallingdal, Hallingplast AS og Ål kommune. TILT-prosjektet vil blant anna vere representert på desse arenaene hausten 2017:

**Laurdag 19. august: Leikskid**

**Torsdag 9. november: Make me Dance**


**Laurdag 11. november: Jubileumsforestilling Ål kulturhus**



● Dans



Foto: Neil Nisbet



## Nye Ål kulturhus

### Info ●

I 2018 startar ombygging og påbygging av Ål kulturhus.

I nybygget kjem to nye undervisningsrom for kulturskule samt ein ny amfisal for dans (Landsdelsscene for dans) som også kan nyttast til konsertar, foredrag eller til bruk for selskap og andre arrangement.

I eksisterande bygg blir det òg endringar. Ål bibliotek, Nesch-museet, Ål utvikling og alle som jobbar i administrasjonen får ny plassering, og det blir samtidig skapt nye areal til Ål Vaksenopplæring og Ål Frivilligsentral. Me ynskjer at nye Ål kulturhus skal bli ein plass for alle. Me held fram med det rikhaldige tilbodet på kino- og kultursida, men her er også plass for deg som berre vil lese avisa, koble deg på nettet, låne ei bok, ta ein kaffikopp, møte vener eller kanskje få nye kjende.

Det vil bli noko støy under byggjeprosessen, men me vil ha dei same opningstidene og tilboda som elles.

Totalentreprenør for prosjektet er Mest Bygg AS. Ål kommune er byggherre, og arkitektoppgåvene blir utført av Årstiderne Arkitekter.

Velkomen til staden for gode opplevingar!





Illustrerte foto av nye Ål kulturhus: Mest Bygg AS/Årstiderne Arkitekter

## Om Landsdelsscene for dans

Landsdelsscene for Dans på Ål kulturhus er av stor nasjonal interesse, og mottok stønad til bygg av både stat, fylke, kommune og private gjevarar. Ved å etablere denne profesjonelle danse- og produksjonssцена blir Hallingdal, med sine lange tradisjonar innan folkedans og folkemusikk, eit kraftsenter for dans med nasjonal tyngde. På den nye scena vil det både bli produsert og synt fram forestillingar, og barn og unge dansarar i Hallingdal vil i framtida nytte godt av samarbeid mellom blant andre kulturskolen og profesjonelle ressursar som vil gjeste huset. Les gjerne meir om prosjektet på heimesidene våre.

# fryd scene

**Fryd Scene kjem til å ha fleire  
konsertar utover hausten,  
følg med i Hallingdølen!**

**Her er nokre smakebitar:**



**Onsdag 06. september kl. 19.30  
i Trugeholu, Ål kulturhus  
Kim André Rysstad**

Kim André Rysstad, songar og muskar frå Rysstad i Setesdal har med si framifrå stemme blitt lagt merke til av musikkelskarar både nasjonalt og internasjonalt.

Rysstad, som i hovudsak har jobba mest med kveding, hentar gjerne inspirasjon frå pop, musical og country for så å blande dette med folkemusikken. Du har høyrte han både i Melodi Grand Prix og i NRK's «Beat For Beat».

**Tysdag 19. september kl. 19.30  
på Sundrehall  
Sty**

Sty er eit tinndølsuttrykk for dansemoro, eller dansefest. Og fest vert det når Unni Boksasp i lag med Sigbjørn Rua og Lars Ingar Meyer Fjeld presenterer song, dans og spel frå Tinn og traktene i kring. Her blir det både song, spel og dans frå tre av landets fremste utøvarar innan folkemusikk og folkedans.





**Sundag 15. oktober kl. 19.30**

**på Laa Gjestestugu**

### **John Pål Inderberg Trio**

Saxofonist John Pål Inderberg har samarbeidd med fleire av dei største stjernene på den internasjonale jazzhimmelen. Han har sett spor i norsk jazz, og som professor på jazzlinja i Trondheim, har han også sett spor i generasjonar av norske jazzmusikarar. Med ein fot i Nidelven og ein fot i cooljazzen, har Inderberg utvikla ei stemme som kombinerer det norske og det amerikanske. Med seg i trioen har han bassist Trygve Waldemar Fiske og trommeslagar Håkon Mjåset Johansen.

**Sundag 26. november kl 19.30**

**på Leveld Kunstnartun**

### **Rengård & Frøystein**

Rengård & Frøystein spelar med strenger, trommer, synthar og analog teknikk. Lydar som er tekne frå dagleglivet på ein gard i Hallingdal gjev liv til konserten der duoen sveivar i gang tilhøyraren sin indre film, og gjev opplevingar med både gode kjensler og spenning. Det er lov å danse, men ver merksam på brutale basslinjer, skakk rytmikk og abstrakte syntetiske klanger. Den som leitar etter det urørte har noko i vente med Rengård & Frøystein.



**Laurdag 16. desember kl 15.00**

**i Jegerstugu, Thon Hotell Hallingdal**

### **Kjell Nesøen Jægerkvintett**

Eit lokalt innslag rundar av årets konserttrekkje på Fryd Scene. Matinékonserten byr på ymse julesnadder med fem utøvarar. Her får publikum kjente og ukjente julemelodiar som set stemningen for dei neste dagar og veker. Mange har tradisjon for å avrunde stresslaurdagen med ein liten konsert på Fryd. Her blir det vakker lyd og fullt hus!



## **Fryd Scene**

gjev publikum store muskalske opplevingar i intime lokale.

Fryd Scene har etablert seg som ei kvalitetsbevisst, sjangerfri, uhøgtidleg og fordomsfri scene på Ål.

Det er alltid høve til å kjøpe kaffi og heimelaga kake på konsertane våre.

Billetter kan kjøpast på førehand på [Ål kulturhus \(aal.kulturhus.no\)](http://aal.kulturhus.no) eller direkte i døra 30 minutt før konsertstart.

# LEVELD KUNSTNARTUN




Leveld Kunstnartun er ein arbeidstad der utøvande kunstnarar kan arbeide i kortare eller lengre periodar, og der utøvarar med ulik bakgrunn kan arbeide på tvers av sjangrar. Kvar kunstnar som bur hjå oss skal gje noko attende – anten ein konsert, eit foredrag, ei utstilling, ope hus eller noko anna. Så følg med – det blir mange spanande arrangement framover!



## Me ynskjer kunstnarane våre for andre halvår 2017 varmt velkomne:

- \* **Espen Friberg** er musikar med fokus på klang og elektronisk generert lyd.
- \* **Marianne Arnesen** er biletkunstnar med fokus på det intuitive og improviserte.
- \* **Susan Tonkin Riegel** er amerikansk biletkunstnar med interesse for collage.
- \* **Åsne Eldøy** er kunstnar og forskar med spesiell interesse for stein og betong.
- \* **Stine Olstad** er designar og handverkar og har fokus på tekstilfarging og natur.
- \* **Bendik Baksaa**s er komponist og lagar elektronisk musikk inspirert av minimalisme.
- \* **Maria Brinck** er tekstilkunstnar og har spesielt fokus på bretta materiale.
- \* **Silje Liahagen** og **Eirik Fuglesteg Luksengard** er folkedansarar og -musikarar, og dei skal utarbeide ei danseforestilling for ungar.
- \* **Carol Breen** og **Karen Gleeson** er britisk og irsk forskar og dansar og dei jobbar med ein doktorgrad om kunst i irsk dans.
- \* **Mari Grinde Arntzen** er forfattar og skriv om utfordringane rundt dagens individualisme.

# Nesch·museet



“Sjefens frue” (1954)

Nesch-museet er verdens største permanente samling av arbeida til den internasjonalt kjende, tysk-fødde kunstnaren Rolf Nesch (1893-1975). Samlinga omfattar både grafikk, skulpturar, måleri og materialbilette.

Museet opna i 1993 og er besøkt av kunstinteresserte frå store delar av Europa.

Rolf Nesch

# Hallingrosa



Skåpdoor måla av Andres Dekko

Opplev rosemålarkunst i verdensklasse, med særleg vekt på hallingrosa. Utstillinga tek utgangspunkt i den kunsthistoriske utviklinga frå slutten av 1700-talet og fram til nyare rosemåling.


Du finn utstillinga Hallingrosa i nedre foaje på kulturhuset.

kulturstreif hallingdal

● Kunst

**Nesch-museet**





## Den store kinodagen

Laurdag  
4. november

Ein heil dag med  
filmar til halv pris,  
i tillegg til konkurransar,  
oppvisingar og  
mykje moro på  
Ål kino.

Hugs at  
film er best på kino!